

Runer frå utgravingane i Trondheim bygrunn 1971–94

Med eit tillegg av nyfunne innskrifter elles frå byen (N774–N894)
Av Jan Ragnar Hagland

(Manus til "Norges Innskrifter med de yngre Runer" (NlyR) bind 7)

KJØPMANNSGATA 20-26 (FOLKEBIBLIOTEKSTOMTA)

VIII. INNSKRIFTER UTAN SPRÅKLEG MEINING.

a. Lengre innskrifter

[**864**] N-32395. (Tidlegare omtala: Hagland 1986: 47; 1990b: [41]; 1994c: 258, 264.)

Innskrifta står på eit slags beslag av tre, 253 mm langt, 35 mm breitt og 7 mm tjukt. Gjenstanden har hol for feste i båe endar og ser såleis ut til å ha vore, eller meint å ha vore, festa til eit underlag. Han har såleis det vi kan kalla ei framside og ei bakside. I den eine enden av framsida er treet dekorert med utskjeringar, og kanten heile vegen rundt er avrunda med ei nedskjering. Funnet vart gjort i 1975, felt FL, hovudfase 4. Det skulle tilseia ein arkeologisk kontekst som kan daterast til andre halvdel av 1000-talet. Innskrifta synest såleis å høyra med mellom dei eldste i materialet. Ho er 120 mm lang og runene 25-31 mm høge. Runene er godt bevarte slik at det ikkje er tvil om lese måten på noko punkt. Mellom r. 3 og 4, 6 og 7, 9 og 10 er det eit noko større mellomrom enn elles runene imellom. Det er merke i veden i desse litt større mellomromma, to i dei to første og eitt i det siste. Det kan vera ordskiljemerke, men ettersom liknande merke finst i veden også ved sida av innskrifta, er dette høgst uvisst. R. 3 og 6 (**r**) har båe opne bogar. Kvisten på båe er elles dregen nokså parallelt med staven. R. 5 (**u**) har markert mykje vidare boge enn tilsvarande r. 2, 7, 13 og 17. R. 10, 14 og 16 er enkeltsidige. Framom r. 15, i nedre kant, går det eit riss parallelt med staven.

I N R I N R N Y I H I Y N I I I N

i u r l u r u k i a i k u a i t u

Det er sekvensar i innskrifta som isolert sett ville kunna gi språkleg meining, t. d. sekvensen **urukia** (r.5-10) som ut frå den dateringa av funnkonteksten ville kunna lesast om mannsnamnet eller tilnamnet *Úroekja*. Men elles og samla sett synest innskrifta ikkje å gi oss språkleg meining utan at vi må ty til emendasjonar og spekulative særløysingar.

Om sekvensen **ai** (r.14-15) er meint å representera diftongen /ei/, kunne det vera eit argument i tillegg til det arkeologiske for at innskrifta er så gammal som frå 1000-talet

(jf. Hagland 1994c: 258). Men så lenge ei språkleg tolking ikkje synest mogleg, vil slike argument vera lite bindande. Vi har såleis å gjera med ei innskrift av det slaget som Moltke (1985: 462) karakteriserer som "irritating" fordi ho ikkje let seg tolka jamvel om ho er svært godt leseleg.